



Notat

Dato: 03.12.2015
Arkivsak: 2015/9919-4
Saksbehandlar: hanalve

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesordførar

Kollektivtransport - Svar på spørsmål til møtet i Fylkestinget 8. desember 2015

Transportøkonomisk institutt sin rapport "Effektiv prising av kollektivtransport" (1432/2015) omhandlar prinsipp for meir effektiv prising av kollektivtransport i lys av nullvekstmålet for persontrafikken i storbyområde. I høve rapporten er aktuelle strategiar for meir effektiv prising lågare prisar utanom rushperiodar, høgare prisar i rushperiodar og høgare prising av tilbod med høg kvalitet. Effektiv prising er definert i samfunnsøkonomisk forstand, som at takstane i større grad enn i dag skal reflektere faktiske kostnadars og trafikantane sin betalingsvilje, samstundes som trafikkinnektene skal verte oppretthaldt og ein skal jobbe for å nå nullvekstmålet for personbiltrafikken i tråd med Nasjonal transportplan 2014-2023.

Bakgrunnen for rapporten er at Samferdselsdepartementet har bedt etatane om «å redegjøre for effekter av mer effektiv prising i kollektivtransporten og tiltak som bidrar til økt betalingsvilje» (Samferdselsdepartementet 2015).

Rapporten må lesast som eit reint fagleg dokument, og ikkje som ei politisk anbefaling. Fylkesordføraren tek dei faglege råda til orientering, men har ikkje tatt stilling til ei eventuell anbefaling av omlegging av prissystemet i kollektivtrafikken i Hordaland i tråd med konklusjonane i rapporten.